



ULOVLIG FILMING OG DELING AV VALDSVIDEOAR

Ulovlig deling av private og krenkande bilete*, lydopptak og filmar er eit aukande problem blant born og unge i heile Noreg. Når noko først er delt på internett, er det svært vanskeleg å få det sletta.

Deling av valdsvideoar i sosiale medier kan gi ein smitteeffekt som fører til at det blir fleire tilfelle av vald, og at valden blir grovare grunna eit ønske om merksemd. Bruk av sosiale medier gjer delinga nesten grenselaus.



HAR DU TENKT PÅ AT:

Den som deler ein valdsvideo er med på å utsette valdsoffer for eit nytt angrep. Å få private og krenkande bilete og videoar spreidde kan vere ei tung belastning.



NORSK LOV GJELD OGSÅ PÅ MOBILEN

Mange ungdommar kjenner ikkje lovverket. Dei fleste veit at det er dårleg gjort å filme og sende valdsvideoar, men visste du at det er straffbart?



OPPLEVER DU NOKO AV DETTE?

- Få hjelp. Snakk med ein vaksen du stoler på.
- Ta skjermbilete og dokumenter det som har skjedd.
- Viss ein valdsvideo er delt, ikkje del han vidare. Ta vare på videoen viss han skal brukast som bevismateriale, elles: slett han frå di eiga eining.
- Meld frå til appen eller nettenesta det gjeld.
- Du kan få råd hos politiet sine nettpatroljer eller ringe politiet på 02800.
- Sjå fleire råd på slettmeg.no og ung.no

KVA KAN FORELDRE GJERE?

Born og unge må vite at dei kan snakke med foreldre eller andre vaksne dei stoler på, viss dei er uroa for noko som har skjedd på nett. Snakk med borna, vis forståing, still spørsmål og fortel om konsekvensane av vald og deling av valdsvideoar. Slik kan bornet ditt lære å ta gode valg.

politiet.no/deleerlikdelta

DELE= DELTA

